

Ikkje så store holet, men...

28.09.2011



Det er ikkje så stort, holet i asfalten nesten lengst nede i vegen i Halsabrotet. Men dumpar ein skikkeleg nedi, kan stor skade skje

Mange har irritert seg over holet i dei 2 vekene det har vore der og fleire har sagt ifrå til oss og til kommunen.

Men så langt har det ikkje skjedd noko. Kanskje skjer det noko i morgon?

Foto: Ola Matti Mathisen

PS: Jau, det vil skje noko imorgon, lova Øyvind Hardeland stutt tid etter at denne meldinga var lagt ut- Han hadde ikkje fått melding som den ansvarlege i kommunen.

-Fint om dei kontaktar meg når det er problem eller klager på kommunale veger, seier han.

-